

På vitjing til bestefars heimstad

Kort møte med den vidgjetne Hollywood-stjerna James Aursnes førre tysdag.

- Ole Aursnes, Sykkylven, where does he live? —

Dei var ekspeditøren på Aure-kaia som fekk dette spørsmålet om onkelen sin frå to storvoksne, framande amerikanarar som førre tysdag uventa dukka opp i Sykkylven og synte fram eit postkort frå 1909 med underskifta Ole Aursnes. Kvar budde han?

Og på Aursnes vart det stor glede over uventa men så alt for kort vitjing, snautt 2 timar.

Dei framande var amerikanarane James Aursnes og kameraten hans, Paul Nichols. Førstnemnde James er son til Rolf C. Aursnes som var apotekar, no 65 år gamal. Rolf er son til sykkylvingen Peter Andreas Olson Aursnes som i 1887 utvandra til Minneapolis etter at han hadde studert medisin i Oslo og Heidelberg. Det heiter om han at han var ein «genuin Norwegian seaman». Som ung dreiv han fiske og «hunted bear in the great forrests and climbed mountains with the best of them.» —

Men så drog Peter Andreas til Minnesota, fullførde her sin medisinske embetseksamen, og vart seinare ein vidgjeten lækjar og oppdagar. Det vert såleis fortalt at det var dr. Peter Andreas Aursnes som fann opp det doble stetoskopet.

[Peter Andreas](#) var gift med den tvskætta Ida Cirkler, ei vakker, gåverik og storslegen dame på ca. 6 fot, retteleg ei dronning av utsjånad og med ein sers givnad for song. Liksom Peter Andreas Aursnes kunne karakteriserast som ein ekte norsk viking, kunne det seiast om Ida at ho var ei ekte Brvnhilde.

Dei hadde also sonen Rolf som vart utdana som apotekar. Han gifte seg med Ruth Duesler Salisbury, ei svært gåverik kvinne og av ei gamal engelsk slekt som kan førast attende fleire hundreår... Mellom andre var Daniel King som siglde frå Englqnd i 1637 og landa i King's Beach, Lynn, Mass, av denne ætta.

---- Lite eller ingen ting om dette ante vi då vi reint på slump fekk greie på at to framande amerikanarar skulle fotograferast saman med slektningane sine på Aursnes hjå fotograf Lvshol tysdag. Minst av alt ante vi at James Anrness var ei vidgjeten televisjonsstjerne frå Hollywood, mottakinga at han kvitterer med eint stor klem, så vesle Karn kjem heilt bort mellom dei svære luffane hans! Men han Ole Aursnes står berre og små-trippar og er så lei seg at ho Lovise, som talar engelsk, ikkje er er tilstades, så dei retteleg får skifta ord.

Anei. ånei for ein dag, seier fru Karn Bjerke og ser med strålende augo på den 6—7 fot lange, kraftige, brunherde slektningen frå Minneapolis — så kjekt det var sjå deg! Eg var tre år (fru Bjerke har nyleg fyllt 75 år) då bestefar din, d.v.s.onkelen min, han Peter Andreas reiste frå USA. Men eg minnest han så godt likevel. Han var så veldig gla i meg. og eg hugsar at han tok meg inn i armene sine og gav meg eit storfang. Og augo hennar Karn flyt over av minnetårer, og store kraftige guten James vert så rørt av den hjartelege mottakinga at han kvitterer med eint stor klem, så vesle Karn kjem heilt bort mellom dei svære luffane hans! Og så er Ole så levande redd for at dei ikkje skal få tid til å gi dei to framandkarane eit skikkeleg måltid mat før dei må drage avgarde. Det var så reint forgale at dei ikkje kunne stogge lenger. —

— Vi er på tur til Japan, og reiser med SAS-flyet. Vi har berre to timar til rådvelde i Sykkylven. Og det ergrar oss stort at vi ikkje hadde kjennskap til flyruta til Ålesund. Vi vart synt til jarnbana til Åndalsnes, og har kasta bort ei masse tid til unyttet. Men reiseruta er lagd, og vi må fylgje ho. Frå Oslo skal vi ein tur til Sverike der kameraten min ættar frå. Og så går ferda vidare til Japan, seier James.

For meg vert det altså kort stogg i Sykkylven denne turen, men likevel ei ugløymande oppleving å få sjå bestefars fødestad og barndomsbygd. Eg har høyrte så mykje om denne bygda. Bestefar sysla også med måling og han har laga eit vakkert måleri av Sykkylven med fjorden innover. Dette biletet har vi hangande heime, og vi er svært glade i det. Ord kan knapt skildra kor gripande det var for meg å få denne vitjinga hit til bestefars bygd.

James og Paul er baa skodespelarar i fjernsynsbransjen, fortel dei, svært smålatne av seg. Vi takkar for hyggeleg vitjing i Sykkylven, og ynskjer dei god ferd vidare.



Bildet som vart teke hos fotograf Lyshol

Kva skrivebordskuffa gøynde.

Kva skrivebordskuffa gøynde.

For fleire månader sidan var Sigurd Aure inno­m Sykkylvs­bladet med eit eksemplar av The Minneapolis Star for 25. august 1958 som inneheld ei heilside om ein norskætling Jim Arness. Denne Jim hadde gjort det godt som skodespelar i fjernsyn, og vorte stor stjerne i Hollywood. Omtalen skulle halde fram i neste nummer av The Minneapolis Star. Vi fann artikkelen alt for lang for Sykkylvs­bladet med den spalteplassen vi har til råd­vel­da, og la det. heile i skrivebordskuffa inn til vidare. No, etter at James Aurness har vore her vart vi klar over at Jim Arnes er identisk med med James King Aurness, og at han altså er vidgjeten tele­visjonsstjerne i Holywood. The Moneapolis Star slår stort opp men 5-spalta bilete av han, dei tre barna hans og mor hans, og bilete av bestefar Peter Andreas, lækjaren, kunstnaren og oppfinnaren, og om bestemors-slekta hans. Videre er det fortalt om mor-slekta til Jim. og først og sist om sjølve Jim Alt frå han som barn sat og lyd­de til morfaren sin som resiterte Shakespeare, Byron og Thomas More., til Jim som i dag er vidgjeten tele-visjonshelt som Marshal Matt Dillen i tele­visjonsprogrammet «Gun-smokes». I tre år har dette program met toppa lista over favoritt programma i amerikansk tele­visjon, og trollbund ei mengd av dei små cowboy-spirane både mellom gutane og gjentene rundt om kring i statane.

Til slutt merker vi oss ein uttale mellom mange andre, frå ein av dei tidlegare grannane til Jim: Hollywood har ikkje verka på han det minste!

Vårt inntrykk var at han var ein likandes ung mann, og dersom alle Hollywoodstjernene er like hyggeleg å møte, skulle vi ikkje ha noko i mot å råke fleire av dei. —

Vi kan her slutte med å tilsnike oss eit sitat som elles er nytta i ein litt annan samanheng i The Minneapolis Star: This may have been because his grand-fader Aurness vas a genuin Norwegian seaman. The late Dr. Peter Andrew Aurness grew up in Norway, om the bank of the Storr fjord. As a boy he sailed with Norwegian fishing fleets, hunted bear in the great forrests and climbed montains with the best of them.



Seinare kom Rolf jnr. På besøk.
Frå venstre Oddvar. I midten Rolf og kona. Til høgre Per Arne